

JESUS CHRIST SUPERSTAR

Bakgrunnsinformasjon

Resymé av stykket

Intervju

Utdrag frå manus

Tema

Oppgaver

Og mykje meir!





INTRODUKSJON

- 1) Ein vegvisar inn i framsyninga Side 3
- 2) *Jesus Christ Superstar* – kva skjer? Side 5
- 3) Karakterane Side 7

PRESENTASJON AV VERK OG OPPHAVSMENN

Andrew Lloyd Webber, Tim Rice og *Jesus Christ Superstar* Side 10

INTERVJU

- 1) Jesus var Elvis utan band – intervju med regissøren Side 14
- 2) Ein helvetes Jesus – intervju med Hans-Erik Dyvik Husby Side 16

ARBEIDSOPPGÅVER


- 1) Religion og etikk Side 19
- 2) Norsk Side 21
- 3) Politikk, individ og samfunn Side 24
- 4) Musikk, dans, drama Side 25

VEDLEGG

- 1) Songen til Kong Herodes Side 29
- 2) Nattverden Side 31
- 3) Reint ut mystisk Side 35

KJELDELISTE





Ein vegvisar inn i framsyninga

Samarbeidet mellom Tim Rice og Andrew Lloyd Webber skulle utvikle seg til 70-talets fremste musikalsamarbeid: *Jesus Christ Superstar*. I 1970 kom LP-en *Jesus Christ Superstar*, og i 1971 var det premiere på musikalen Broadway. I 1990, 20 år etter at LP'en først blei sleppt, hadde rockeoperaen premiere på Det Norske Teatret.

No er det klart for ein moderne versjon av *Jesus Christ Superstar*! Bli med inn i verda til Jungelbok-regissør Erik Ulfsby og rockestjerne Hans-Erik Dyvik Husby, betre kjend som Hank von Helvete frå death-punk bandet *Turboneger*. Når rockar Husby skal spele Jesus er det for å vise Jesus som ein aktuell opprørar. Framsyninga tar for seg spørsmål som til dømes: Kva vil skje dersom Jesus kommer til jorda i dag: Kven vil samle seg rundt han som disipline hans, og kven vil dømme han?


I samtida fekk framsyninga ulike reaksjonar. Nokre religiøse grupper reagerte på den verdslege framstillinga av Jesus, medan albumet, på si side, blei spelt på Vatikanets eigen radio! Vil det Norske Teatrets versjon få dei same motstridande reaksjonar? Bruk dette pedagogiske materialet til å gjere deg opp di eiga mening.

Her finst mellom anna aktuelle artiklar, intervju med både hovudrolleinnehavar og regissør, og arbeidsoppgåver. Oppgåvene er strukturert etter faga *Religion og etikk*, *Norsk*, *Politikk*, *individ og samfunn* og *Musikk, dans og drama*, men kan sjølv-sagt nyttast på kryss av faga eller i heilt andre fag.

Problemstillingane er allmenngyldige, så materialet kan passe dei fleste, uansett fagområde. Framsyninga og undervisningsmaterialet eignar seg best for elevar i 10. klasse og vidaregåande skolar.

Vi høyrer gjerne frå lærarar som har brukt skolematerialet i klasserommet og som har kommentarar til innhaldet. Slik kan vi bli betre til å gjere teateropplevinga rikare.





Håper stoffet vil vere til glede og nytte. Godt teaterbesøk!


Med vennleg helsing

Siri Hansen

Pedagogisk ansvarleg/formidling

siri.hansen@detnorsketeatret.no / 22 47 38 22






Jesus Christ Superstar – kva skjer?

Jesus Christ Superstar er basert på hendingane frå Jesus' siste dagar. Rockeoperaen byrjar med at Jesus og disiplane kjem til Jerusalem og endar i krossfestinga. Framsyninga viser dei dramatiske hendingane i og rundt Jerusalem ved påsketi-der for snart 2000 år sidan: Jesus' veg mot Golgata, Judas' tvil, dramatikken i Getsemane-hagen, sølvengar og ypparsteprestar, Maria Magdalenas kjærleik, romaren Pilatus, Kaifas, Herodes, Simon, Peter og alle dei andre som var med å forme historia desse dramatiske dagane. Framsyninga blandar rå rock, drivande rytmar, harselas og parodi, anakronismar og humor midt i alvor.

I denne versjonen av *Jesus Christ Superstar* ønskjer vi å plassere historia tydelegare i vår tid. Kva vil skje dersom Jesus kjem til jorda i dag? Kven har Jesus rundt seg? Kva gjer han opprør mot? Kven solidariserer han seg med? Og kven er motstandarane hans? Oppsøker Jesus Bispemøte eller uteliggjarar, stortingsrestauranten eller Plata? Kven vil samle seg rundt Jesus som disiplane hans, og kven vil dømme han?





Judas er viktig for å drive historia framover. Han er lite nøgd med kven Jesus har rundt seg, og det han meiner er Jesus' mangel på planlegging. Dette kan få katastrofale følgjer, meiner Judas. Han ser på krinsen og rørsla rundt Jesus som ei plattform til å hjelpe dei fattige. Med Jesus' handlingar og rykte som følgjer med han, fryktar Judas både for Jesus sjølv og saka si. Judas ønskjer derfor å redde Jesus frå seg sjølv, men han ønskjer også å redde alle dei fattige – dei nedst ved bordet, som trur og stolar på at Jesus kan hjelpe dei. Dette er motivet for Judas' handlingar (skal ein tru Judas).

Medan Judas grublar, møtest Kaifas, Annas og andre jødiske prestar for å diskutere Jesus og rørsla hans – som no inkluderer fleire tusen menneske og held fram med å vekse. I tillegg til at jødar, som ikkje aksepterer romarane som deira konge (i motsetnad til dei jødiske ypparsteprestane) er med i rørsla, meiner prestane at ho er ein trussel mot det romerske riket. Kaifas kunngjer derfor at den einaste løysinga på problemet er å ta livet av Jesus. Samstundes engstar Judas seg meir og meir for Jesus og hans følgje. Han lovar derfor prestane å hjelpe dei mot Jesus, men understrekar at motiva er gode. Når Judas får sjå kva råskap handlingane hans førar med seg, føler han ei stor skuld. Judas meiner Gud har svike han når han blir peika ut til å forråde Jesus. Det heile endar med at Judas tar sitt eige liv.

Jesus blir ført til Pontius Pilatus for rettargangen mot han. Pilatus ønskjer ikkje å drepe Jesus, men må gi etter for krava til den store folkemengda. Han lar Jesus bli piska 39 gonger utan at folket blir nøgde. Først etter at Jesus understrekar at krossfestinga er del av ein større guddommeleg plan, gir Pilatus etter og gir ordre om å krossfeste han. Medan Jesus førebur seg på si eiga krossfesting, møter han Judas' ånd som spør om Jesus verkeleg er guddommeleg:

Jesus Christ Superstar


Er du den Gud som gir alle svar

Jesus Christ Superstar

Do you think you're what they say you are?

(frå songen *Superstar*)





Rockeoperaen endar med at Jesus sakte døyr på korset med dei kjende orda:

Fader forlat dei. Dei veit ikkje kva dei gjer.

Kor er mor mi?

Min Gud! Min Gud! Kvifor har du forlate meg?

(frå songen *Krossfestinga*)

Karakterane




Jesus (spelt av Hans-Erik Dyvik Husby, betre kjend som Hank von Helvete) spelar tittelrolla i stykket. Når historia byrjar, har rykta om hans guddom spreidd seg over heile Israel. Dei jødiske ypparsteprestane Kaifas og Annas ser på han som ein trussel for nasjonen.

Judas Iskariot (spelt av Frank Kjosås) er ein av dei tolv utvalde apostlane til Jesus. Gjennom hans auge rullar historia fram.

Han er bekymra for at Jesus skal bli tatt som bløffmakar fordi han mot slutten byrjar å miste grepet. Denne frykta aukar etter at han finn Jesus med Maria Magdalena, som er ein prostituert. Judas spør ypparsteprestane Kaifas og Annas om hjelp. I staden fører dette til at dei bestikk Judas for å få vite kvar Jesus er. Når Judas skjønar følgjene av det han har gjort, tar han sjølv mord.





Maria Magdalena (spelt av Charlotte Frogner) er ei prostituert som prøver å trøyste Jesus i ei vanskeleg tid. Ho blir glad i Jesus, men veit ikkje korleis ho skal handsame kjenslene sine. Judas finn Maria Magdalena saman med Jesus. Han tar dette som teikn på Jesus' fall, og går til ypparsteprestane for å åtvare dei mot Jesus. Det er denne hendingsrekkja som til slutt fører til krossfestinga av Jesus.


Pontius Pilatus (spelt av Hildegun Riise) er landshøvding i Judea. Han har ein draum der han møter Jesus og ser at han blir drepen. Pilatus blir sjølv skulda for drapet. Etter at Jesus blir arrestert og ført til Pilatus, hugsar han draumen sin og prøver å overtøye dei blodtørstige massane om at Jesus må få leve. Då dette ikkje vinn fram, lar han Jesus bli piska 39 gonger. Folkemengda lar seg ikkje stogge av dette. I tillegg seier Jesus at skjebnen hans er å bli krossfesta. Pontius Pilatus gir etter og befaler krossfestinga av Jesus.



Kaifas (spelt av Lasse Kolsrud) er ypparstepresten som ser Jesus som ein trussel for nasjonen. Det er han som bestikk Judas for at han skal avsløre kvar Jesus er, slik at Jesus kan bli arrestert og få han til å innrømme at han hevdar å vere Guds son. Det er Kaifas som føreslår for Pilatus at dei skal krossfeste Jesus.

Annas (spelt av Ingrid Jørgensen Dragland) er svigerfar til Kaifas og tidlegare ypparsteprest. Annas har framleis ein dominerande posisjon. Ein ypparsteprest heldt på makta si også etter at ein hadde slutta i stillinga. Det er derfor, og fordi han både er slu og listig, at Jesus først blir ført fram for Annas, som har ein avgjerande funksjon i samband med krossfestinga av Jesus.






Kong Herodes (spelt av Sigve Bøe) er konge av Galilea. Jesus blir ført til han etter at Pilatus skjønner at han ikkje kan dømme ein utlending. Han fortel Jesus sarkastisk om kor høge tankar folk har om han og om korleis ordet er spreidd om Jesus' under. Han gjer vidare narr av Jesus ved å spørje om han kan gjere triks som å lage vatn om til vin, gå på vatnet, eller mette ein heil familie med eitt einaste brød. Jesus nektar å snakke, og Herodes blir så sint at han krev at Jesus blir ført bort, utan å avseie ein dom.

Simon (spelt av Thomas Bye) er apostelen som prøver å overtyde Jesus om å kjempe mot romarane som terroriserer landet deira. Han blir kritisert av Jesus for ikkje å forstå kva makt og ære handlar om; ein nyttar ikkje makt for å underleggje seg motstandarane.

Peter (spelt av Niklas Gundersen) er apostelen som fornektar Jesus tre gonger for å redde seg sjølv.





Andrew Lloyd Webber, Tim Rice og Jesus Christ Superstar

Gunnar Mangset

Andrew Lloyd Webber

Den britiske komponisten og teaterprodusenten Andrew Lloyd Webber (1948-) og den britiske librettisten og tekstforfatteren Time Rice (1944-), er opphavsmennene til musikalen *Jesus Christ Superstar*. Lloyd Webber kjem frå ein musikalsk familie og det blei tidleg klart at han hadde eit særleg musikalsk talent. Han byrja å spele fiolin i treårsalderen, komponere seks år gammal og publiserte ein pianosuite som niåring. Sjølv sagt skjedde ikkje utviklinga av dette talentet utan stimulans frå heimen, dels frå mora Jean, som var pianolærer, men ikkje minst frå faren, dr. William Lloyd Webber, som var komponist og rektor for London College of Music. Dessutan blei teaterinteressa til unge Andrew pleia av ei tante som bruka å ta han med seg på dei store musikalane i London på 60-talet. Han gjekk også på Royal College of Music, men dette var det berre så vidt faren, ein av Englands største musikkpedagogar, tillèt. Han var redd for at sonen skulle få musikkjensla si «bortundervist» på ein musikkskule.


Samarbeidet med Time Rice

Da den noko eldre Tim Rice, som på den tida var popsongar, i april 1965 tok kontakt med 17-åringen Andrew Lloyd Webber, var dette byrjinga på 70-talets fremste musikalsamarbeid. Samarbeidet er blant dei som har hatt mest å seie for den vidare utviklinga av musikalen som teaterform. Det første produktet av samarbeidet deira heitte *The Likes of Us*, men den blei ikkje framført før mange år seinare. Sidan tok dei eit større karrierebyks framover med musikalen *Joseph and the Amazing Technicolor Dreamcoat*, basert på forteljinga om Josef i Første Mosebok. Dette opphavleg berre 20 minutt lange poporatoriet for kor, skoleorkester, rockegruppe og solistar hadde premiere 1. mars 1968 på Colet Court School i London.

Musikalen Jesus Christ Superstar

Tim Rice skal ha fått ideen til *Jesus Christ Superstar* da han hørde Bob Dylans






song *With God On Our Side*, kor Dylan i ei line stiller spørsmålet: Hadde Judas Iskariot Gud på si side? Lloyd Webber og Rice fann deretter ut at musikalen skulle handle om forholdet mellom Jesus og Judas og slutte med Jesus' krossfesting. Lenge tvilte dei på prosjektet sitt, men etter å ha blitt oppmuntra av domprosten i St. Paul-katedralen, tok dei til slutt likevel avgjerda om å gjennomføre det. Først kom LP-en *Jesus Christ Superstar* ut på plateselskapet MCA i 1970, og blei lansert under rubrikken «Rock Opera». Albumet blei så populært i USA at særlege konsertturnear blei organisert til frå kyst til kyst i landet i heile 1971. Historia hadde premiere som musikal i oktober 1971 på Mark Hellinger Theatre på Broadway i New York og blei sidan sett opp på Palace Theatre i Londons West End i 1972. I 1973 kom filmen *Jesus Christ Superstar*.

Handlinga i *Jesus Christ Superstar* skildrar dei siste sju dagane i Jesus' liv, altså dei siste dagane før og under krossfestinga av han. Judas Iskariot, ein av apostlane til Jesus ser at alt det gode arbeidet Jesus har gjort står i fare, fordi tilhengjarane hans er i ferd med å la seg rive med av tanken på himmelen. Samstundes har styresmaktene byrja å vere meir merksame på kva det er Jesus driv med. Apostlane prøver å få Jesus til å seie kva for planar han har for dei, medan den prostituerte Maria Magdalena freistar å roe ned Jesus. Dei jødiske prestane diskuterar kva dei skal gjere med Jesus og den mobben som følgjer han, som er eit trugsmål både mot deira makt og mot det delikate tilhøvet dei har til dei romerske okkupantane. Jesus seier under det siste måltidet med apostlane sine at apostelen Peter seinare kjem til å nekte for å kjenne han, noko han da seinare òg gjer. Jesus seier òg at ein av dei kjem til å svike han, og det er det til slutt Judas som gjer. Det gjer han ved å fortelje prestane når dei kan finne Jesus aleine i Getsemane-hagen. Dette fører til at romerske soldatar arresterar Jesus. Menneskemobben, leia av prestane, vender seg mot han og skrik at han må bli krossfesta. Landshøvdingen for romarane i Israel, Pontius Pilatus, vil ikkje drepe Jesus og prøver å stagge massane ved å piske Jesus trettini gonger, men dei ropar framleis på krossfestinga av Jesus, noko Pilatus til slutt gjev dei.

Korleis musikalen blei mottatt i samtida

Mykje tyder på at denne rockeoperaen råka viktige straumdrag i samtida godt: Ikkje det at det tradisjonelle kristelege verdsbiletet stod så veldig sterkt blant ungdommen lenger på den tida *Jesus Christ Superstar* kom, men som den opprøraren mot det hykleriske presteetablisementet Jesus var i dette showet, samsvarte frelsaren i kristentrua ikkje så reint gale med tankestraumane i





hippierørsla på 60- og 70-talet. Denne ungdomsrørsla gjorde opprør mot m.a. materialisme og karrieretvang, og frå den allmenne kjærleiksbodskapen deira, blanda med ein utstrakt narkotikabruk, var ikkje vegen over til religionen utenkjeleg lang. Mellom dei mange orientalske guruane og lokale forkynnarane som opererte i trusmarknaden på denne tida, bør ein ikkje undrast over at òg Jesus Kristus kunne vere eit alternativ for søkjande unge menneske, og somme av dei identifiserte seg fullstendig med han.

Økonomisk suksess


Ikkje berre blei det religiøse og verdimeslige tankegodset dei to kreative britane leverte tilskodarane, oppfatta som relevant av mange, men Lloyd Webber – som var den av dei to som i størst grad tok seg av finansane til samarbeidet deira – må seiast å ha treft blink også reint kommersielt med denne musikalen: Broadway-opplettinga var ikkje over før etter 711 framsyningar, medan produksjonen på Palace Theatre i London gjekk sin gang i heile åtte år før han blei tatt av plakaten. I 1988 hadde *Jesus Christ Superstar* blitt spelt i 22 land og selt billetter for meir enn ein milliard kroner.

Blanda reaksjonar frå religiøse grupper

Reaksjonane frå kristenverda på framstillinga av Jesus' siste levedagar, som naturleg nok er særst sentrale for kristendommen, var blanda: Da albumet kom, blei det t.o.m. spelt på Vatikanets eigen radio, noko som vel må bli tolka som at denne rockeoperaen iallfall ikkje var komen i unåde hos Paven, eller for hundretals millionar av katolikkar verda over. Ifølgje Dagbladet skreiv Vatikanets eiga avis, *L'Osservatorio Romano*, m.a. følgjande da filmen *Jesus Christ Superstar* kom i 1973: «Filmen er usedvanlig direkte og utfordrende, og en av de mest respektable av alle filmer om Jesu-revolusjonen». Derimot reagerte den engelske og etter kvart kristelege artisten Cliff Richard på det han meinte var å gjere Jesus-figuren mindre enn han eigentleg var. Viktigare var det vel at demonstrantar samla seg kvar kveld utanfor Mark Hellinger Theatre på Broadway med skilt kor det m.a. sto at «Jesus er ingen Superstar» og «Jesus er større enn de tror». Slike bibeltrugne demonstrantar fanst det, i alle fall i byrjinga, òg mange utanfor Palace Theatre i London si oppsetjing av musikalen. Mange reagerte òg på at denne musikalen ikkje inneheldt noko om Jesus' oppstandelse frå dei døde, som må kunne seiast å vere eit rimeleg viktig poeng i kristentrua.

Men ikkje berre frå kristent hald kom det reaksjonar: The American Jewish





Comittee var dei som gjekk lengst, ved at dei heldt på å gå til sak mot produsentane. Dei ville nemleg ha vekk scenene som framstilte hykleriet til øvsteprestane i *Jesus Christ Superstar*, fordi dette gav omverda eit lite positivt inntrykk av jødar. I England kom det òg reaksjonar på at musikken og teksten var for enkel. Men domprosten i St. Paul-katedralen, som hadde oppmoda dei i arbeidet med denne musikalen, rykte ut og forsvarte rockeoperaen og meinte at han stilte spørsmålet: Kven er du, Jesus?

Kjelder:

Blom, Rune: *Evita, Cats, Fantomen och de andra. En bok om den nya musikalen*. Sveriges Radios Förlag, Helsingborg 1988.


Dagbladet 30. oktober 1973: «Serios og respektabel – skriver Vatikanets avis om Jesus Christ Superstar».

Lerner, Allan Jay: *The Musical Theatre – a celebration*. Collins, London 1986.

www.reallyuseful.com/shows/jesus-christ-superstar/history-inspiration

Store norske leksikon, snl.no, Svend Erik Løken Larsen, 2009-05-26,
www.snl.no/Andrew_Lloyd_Webber





Jesus var Elvis utan band

intervju med regissøren

Silje Ingleiv Engeness



Erik Ulfsby er skodespelaren som blei regissør. Han tok steget i 2000, og fram til no har han hatt drygt 40 premierar. Det blir om lag fem premierar i året. Ulfsby er med andre ord ein svært produktiv og travel regissør. No er han klar for *Jesus Christ Superstar*, ei framsyning han lenge har gledd seg til å få gjere.

– Jesus var Elvis utan band. Hos oss skal Jesus vere vokalisten og disipline bandet hans. Vi skal lage ei framsyning som rockar i 2009! seier Ulfsby.

Det er ikkje vanskeleg å tru at Ulfsby er rette mannen til å nå det målet. Dei siste åra har han hatt


stor suksess med mellom anna *Bollywood Ibsen – Fruen fra Det Indiske Hav*, ein notidsversjon av *Fruen fra havet*. På Det Norske Teatret har han regissert både *Isslottet* av Tarjei Vesaas og publikumsfavoritten frå 2008, *Jungelboka*, med Adil i hovudrolla. Han har vunne komiprisen to gonger for regien av humoristane Bye & Rønning og Marit Voldsæter.

I vår har han reist mellom prøver på *Lang dags ferd mot natt* på Teatret Vårt i Molde og førebuingane til *Jesus Christ Superstar*. Ein skulle tru dei to universa har lite til felles, men då skodespelarane i Molde ønskte hjelp til å studere inn korleis alkoholisme og rus påverkar familiar slik det gjer i det dramaet, var det Hans-Erik «Jesus» Dyvik Husby som assisterte Ulfsby.

– Eg er nok ein del av ein trend der kunstnarlege leiarar er meir altetande enn før. Eg har regissert alt frå komishow til tyngre framsyningar og trur denne tilnærminga er ei av dei sterke sidene mine som regissør. Fleire i min generasjon gjer det same. Vi vekslar lett mellom humor og seriøst teater, privatscener og institusjonsteatra.

Ulfsby meiner at teaterfolk har mykje å lære av å krysse faggrensar. Difor er han også så glad for å ha med Hans-Erik Dyvik Husby frå Turboneger i rolla som Jesus.





– Hans-Erik er ei rockestjerne, ikkje musikalartist. Det gjer det musikalske uttrykket råare. Eg trur det tilfører framsyninga mykje at det blir eit møte mellom rockescenen og teaterscenen. Bakgrunnen til Hans-Erik og dei andre skodespelarane utfyller kvarandre.

Fleire i bransjen hevdar at Erik Ulfsby har eit særskilt talent for å fange opp det som skjer i samtida og gjere det om til fengande teater. Både *Fruen fra det Indiske Hav* og *Jungelboka* fekk positiv kritikk og appellerte til nye publikumsgrupper.

– Korleis får du det til?

– Mange av oss som lagar scenekunst no, klipper, limar, låner og stel frå mange ulike kjelder. Vi har ei open haldning til stilartar og sjangrar, vi leikar og siterer. Jobben min er den same om eg førebur *Lang dags ferd mot natt* eller *Jesus Christ Superstar*: Å lage godt teater. For meg handlar det om å skape augeblikk.

Han trur at noko av nøkkelen til suksessen med *Jungelboka* var leiken med sitat både i dialogen, det visuelle og musikken.


– *Jungelboka* blei eit bilde på den mentale jungelen vi lever i no. Unge i dag er på mange måtar redaktørar i eigne liv og må finne sine eigne vegar ut av jungelen. På rommet lagar dei innslag til Youtube, chattar på Facebook og Twitter og kommuniserer med andre vener på ulike nettstader. Om vi vil ha dei inn i teatret, må vi forstå verkelegheita deira.

Ulfsby har tydelegvis treft noko, for *Jungelboka* er ein suksess som held fram. Våren 2010 skal han setje den opp ein gong til på Rogaland Teater.

– Kva synest du om å gi deg i kast med *Jesus Christ Superstar*?

– Som regissør er halve jobben min gjort allereie. Eg har lagt konseptet og funne dei rette folka til å gjere det. No skal vi bruke prøvetida til å lage framsyninga. Noko av utfordringa ligg i at historia om Jesus er ei av dei mest kjende i verda. Alle veit korleis ho endar. *Jesus Christ Superstar* var revolusjonerande då stykket blei skriva tidleg på 70-talet, både fordi det skildra Jesus som eit menneske som veit at han må døy og fordi det gav fleire nyansar av Judas. Difor har musikalen òg blitt kalla Judasevangeli. Dessutan var jo rock noko nytt og heftig. Vi vil lage ein *Jesus Christ Superstar* som tar vare på og dyrkar opprøret i Jesus' historie og i musikken. Vi har mellom anna spurt oss om kven som ville samla seg rundt Jesus som disiplane hans, og kven som ville dømt han om han kom til jorda i dag, og ikkje i år null. Med dette som utgangspunkt meiner eg *Jesus Christ Superstar* kan vere vesentleg, aktuell og spennande også i 2009, seier Erik Ulfsby.





Ein helvetes Jesus

intervju med Hans-Erik Dyvik Husby

Siri Skaustein



– EG TAR MYKJE Plass, men det synest eg at eg skal få lov til. Alle menneske må få den plassen dei treng for å overleve. Hans-Erik Dyvik Husby har ete kjøtt til frukost, og i skolesekken ligg manus og dagens vitamindose. No skal han på kostymeprøve for å sjå om kroppen framleis passar inn i kostymet.

Hardt liv


Turbonegervokalist Hans-Erik Dyvik Husby, også kjend som Hank von Helvete, har sett det meste. Tusenvis av fans har sunge med på legendariske konsertar, og han har eit kunstnarleg uttrykk som har gitt kredibilitet langt utover scenekanten. Men med rock følgde rus, og mange år er tåkelagde av angst, medisinar og dårlege venner. No skal Hans-Erik spele Jesus i Det Norske Teatrets oppsetjing av *Jesus Christ Superstar*. Det er ei utfordring han møter med glede.

– Å få spele Jesus gir meg ein unik sjanse til å sende ein budskap til publikum. Livet mitt har gjennomgått ei radikal forandring det siste året, og eg vil gjere folk medvitne om kva som betyr noko for meg. Eg ønskjer å hjelpe menneska rundt meg til å handtere livet sitt på ein måte som får dei til å blomstre og lykkast, og å få sende denne budskapen ut fra ein scene er heilt fantastisk.

Også privat er dette ei fanesak for Hans-Erik. Han meiner at erfaringane frå skyggesida av livet har gjort han betre i stand til å kjenne att dei som treng hjelp.

– Det handlar om å la mennesket ta plass og utfalde seg på den arenaen som passar individet, og ikkje presse folk inn i ein altfor liten og trong bås. Store menneske treng stor plass, seier han. Når skinnbuksene til kostymet litt seinare





viser seg å vere i trongaste laget, tar han det med stor ro. Han er den han er, og magen kan han leve med. Så får kostymemakarane heller sy buksa litt ut.

Bu på landet, jobbe i byen

Det er ikkje lenger Grünerløkka som er basen for Hans-Erik. Han har flytt ut av Oslo sentrum og inn i eit kvitmåla hus på Kolbotn. Her får han rom til å puste og ro til å førebu seg til rolla som Jesus. Det kostar krefter å pusse opp ein kropp som har fått gjennomgå i mange år med fest og stoffmisbruk, men no et han vitaminane sine med nærmast religiøs overtyding.

– Mykje handlar om å vise måtehald. Eg veit kva kroppen treng, og kva han ikkje har bruk for. Så no prøver eg å gi han dei tinga som gir meg energi og overskott.

– Korleis førebur du deg til rolla?

– Med fare for å få psykiatrar på døra, kan eg vel seie at eg prøver å vere Jesus utanfor teatret også. Det er viktig for meg å kjenne på kroppen kva det vil seie å heile tida konfrontere mine eigne fordommar og i størst mogleg grad hjelpe folk vilkårslaut. Eg har sjølv vore gjennom fornedringa med rusmisbruk og eit liv i løgn, så eg kan ikkje dømme nokon. Men eg har lært mykje, og prøver å bruke lærdommen til å styre andre menneske unna dei verste fallgruvane. Det handlar når alt kjem til alt om å overleve, og det har eg jo klart til no, seier han og smiler.

Nytt publikum

Både teater og hovudrolleinnehavar må belage seg på å forhalde seg til eit nytt publikum gjennom framsyningane. Gjennom åra i Turboneger har Hans-Erik opparbeidd seg ein stor og lojal tilhengjarskare, som no viser sterk interesse for framsyninga. Fanklubben Turbojugend har avdelingar i fleire land, og mange av dei planlegg storinnrykk i teatrets hovudsal.


Samtidig skal Dyvik Husby spele for teaterinteresserte som ikkje har noko forhold til han frå før. Det synest han er spennande.

– Det er jo to ulike verder som møtest, og det trur eg begge leirane har godt av.

At konservative teatergjengarar skal ha fordommar mot han, er han ikkje redd for. Tvert imot håpar han at framsyninga skal skape ein effekt hos publikum.

– Dette blir ein Jesus anno 2009, ein frelsar som står midt i noko som dei fleste snur ryggen til og ikkje ønskjer eller vågar å sjå. Eg håpar framsyninga treffer folk midt i ansiktet, at dei som bør føle seg trefte, kjenner det, og at dei





som treng å føle seg elska, sit att med eit nytt håp. Det har ikkje skjedd dei heilt store forbetringane i verda på desse to tusen åra. Vi har framleis nok av krig, svolt og elendigheit vi må handtere. Men vi kan håpe på at denne framsyninga vil setje i sving positive krefter som kan arbeide *for* mennesket og ikkje *mot* det, seier han engasjert.


Høgt tempo

Hans-Erik har prøvd kostyme, han har vist fram garderoben sin og vore ein tur innom snikkarverkstaden for å sjå korleis scenografien ser ut. Det er ikkje vanskeleg å sjå at han trivst her på teatret; han snakkar med alle og verkar oppriktig interessert i kva dei held på med. Sceneskiftet frå rock til teater var ikkje ein så stor overgang som ein kanskje skulle tru.

No skal han ta solbrillene på og vere Jesus på teaterprøve saman med resten av ensemblet.

– Dette blir ei helvetes framsyning, ler han og forsvinn inn på den nye leikplassen sin.





Arbeidsoppgåver


Religion og etikk:

Utdrag frå læreplan i Religion og etikk VG3: *Formål: «Faget skal bidra til kunnskap om og respekt for ulike religiøse, livsynsmessige og etiske ståsteder i lokalt, nasjonalt og globalt perspektiv.»*

Til førebuing

- 1) Les Jesus' lidingshistorie i Det Nye Testamentet.
Skriv ei kort oppsummering med eigne ord.
- 2) Kven er Jesus' disiplar? Skriv ned namn og kva dei står for.
Kva sosialt lag høyrer dei til?
- 3) Korfor er det nett denne typen menneske Jesus oppsøker?
- 4) Finn du nokre etiske dilemma ved at Jesus nesten berre har folk frå *ein* sosial klasse rundt seg?
- 5) Kven var Pontius Pilatus? Kva syn hadde han på Jesus?
Korleis handsama han Jesus? Korfor handla han som han gjorde?
Var det i tråd med eige samvit?
- 6) Diskuter omgrepet svik. Er det rett å kalle Judas' handlingar for svik?
Grunngi svaret.
- 7) Sjå føre deg at Jesus kjem til jorda i dag.
 - A) Kvar vil han bu?
 - B) Kva folk vil han oppsøke?
 - C) Kven vil vere disiplane hans?
 - D) Kven vil dømme han?
- 8) Skriv ANTEN: a) ei kort forteljing der *du* er Jesus som kjem til jorda i dag.
Kva opplever du og kva syn har du på dagens samfunn? ELLER: b) ei kort forteljing der du møter Jesus i dag. Gjengi samtalen og kva inntrykk du sit att med etter å ha møtt Jesus.



**Etter framsyning:**

- 1) Peik på likskapar og ulikskapar mellom hendingar i Jesus' lidingshistorie og hendingar i denne framsyninga.
- 2) Kva slags Jesus speler Hans-Erik Dyvik Husby? Korleis skil han seg frå det synet du hadde på Jesus *før* du såg framsyninga?
- 3) Kva karakterar er Jesus' disiplar i denne oppsetjinga. Er det truverdige typar? Beskriv korleis dei ser ut og kva dei står for.
- 4) Kostyma til presteskapet representerer fleire ulike religionar og maktsymbol. Klarer du å identifisere dei?
- 5) Etter å ha sett framsyninga, synest du det er sannsynleg at dette ville skjedd dersom Jesus kom til jorda i dag? Kva ville i tilfelle vore annleis? Skriv eit essay eller diskuter i klasserommet.
- 6) Ta for deg forholdet mellom Maria Magdalena og Jesus.
 - A) Judas seier: «Eg synest det er litt rart, ja reint ut mystisk at ein mann som du kan bruke tid på kvinnfolk som ho der.» (frå songen Reint ut mystisk) Kva meiner han med «kvinnfolk som ho der»?
 - B) Kva er grunnen til at Judas har så mykje mot dette forholdet. Har han rett i skuldingane sine mot Jesus?
 - C) Finn du nokre etiske dilemma i forholdet mellom Jesus og Maria Magdalena?
 - D) Maria Magdalena kunngjer i songen Eg vil gi han min kjærleik at «Eg elsker han. Ja berre han.» Kva kjensler har Jesus for Maria Magdalena, trur du?



Norsk:

Utdrag frå læreplan i norsk VG1/VG2: *Elevane skal kunne: «beskrive estetiske uttrykk i teater, film, musikkvideo, aviser og reklame og drøfte ulike funksjoner knyttet til språk og bilde.»*

Til førebuing:


- 1) Skriv eit essay eller ei novelle om kva som ville skjedd dersom Jesus kom til jorda i dag.
- 2) Førestill deg at du møter Jesus i dag. Lag eit intervju. Legg særskilt vekt på kva saker Jesus er opptatt av i dag.
- 3) Tenk deg at du er Jesus og kjem til jorda i dag. Kva utfordringar møter deg? Kva menneske vil du hjelpe? Diskuter i klasserommet eller skriv ein tekst.
- 4) Les artikkelen: «Andrew Lloyd Webber, Tim Rice og Jesus Christ Superstar».
 - A) Korfor demonstrerte enkelte grupper mot denne rockeoperaen?
 - B) Kva grupper reagerte og korfor?
 - C) Kva var budskapet til demonstrantane?
 - D) Kven forsvarte rockeoperaen og korfor?
- 5) Les vedlegg 1 («Songen til Kong Herodes»)
 - A) Kong Herodes har mange kallenamn på Jesus. Identifiser dei.
 - B) Versa er skrivne på rim. Kva sort rim? Korfor trur du denne verseforma er valt? Er den verknadsfull for å bringe fram budskapet?
 - C) *Anakronisme* vil seie å setje noko inn i feil tidsperiode. I teater kan ein bruke dette som eit bevisst verkemiddel. Kan du identifisere anakronis mar i dette utdraget? Kva funksjon har dei?
- 6) Les vedlegg 2 («Nattverden»)
 - A) Kva er ein regissør? Vi veit at konseptet til regissør Erik Ullsby blant anna er å leggje rockeoperaen til samtida vår. Korleis ser du for deg at han har valt å jobbe med denne scenen? Til dømes: Kvar er vi og korleis blir karakterane Jesus og apostlane portrettert?
 - B) Kva er scenografi? Dersom du var scenograf, korleis ville du tenkt deg scenografien her? Ver kreativ!
 - C) Kva er lysdesignar? Korleis kan ein bruke lyset i denne scenen?






- D) Kva er kostymedesignar? Sjå føre deg at du skal lage kostyme til apostlane og Jesus av i dag. Korleis ville dei sett ut. Skisser gjerne kostyma.
- E) Kva gjer maske- og parykk? Korleis ville du lagt sminke og hår på til dømes Maria Magdalena?



**Etter framsyning:**

- 1) Skriv ein teaterkritikk (helst på nynorsk) av framsyninga *Jesus Christ Superstar*. Send gjerne kritikken til undervisning@detnorsketeatret.no. Eit utval vil bli publisert på våre nettsider.
- 2) Korleis samsvarte tankane dine kring framsyninga med det du fekk sjå på scenen?
- 3) No har du sett rockeoperaen og gjort deg opp ei meining om han.
 - A) Kva grep har regissøren tatt?
 - B) Kva syntest du om scenografien? Kvar er vi? Kva element gjenkjente du? Korleis fungerer scenografien i konseptet? På kva måte er scenografien med på å underbyggje historia?
 - C) Korleis blir lyset brukt i framsyninga?
 - D) Det er mange skodespelarar med i oppsetjinga – både små og store roller. Korleis har kostymedesignar løyst utfordringa? Korleis trur du han har gått fram for å setje saman kostyma?
 - E) Kva karakter(ar) trur du har vore dei største utfordringane for maske- og parykk?
 - F) Kva kan du seie om det totale scenebildet?
- 4) Teksten er omsett av dramaturg Ola E. Bø.
 - A) Korleis synest du det nynorske språket fungerer som scenespråk?
 - B) Dersom du har høyrd songane på engelsk, kva tankar gjer du deg når du samanliknar dei to versjonane. Legg særskild vekt på poesi og korleis dei to språka formidlar handlinga.
 - C) Er det lett å få med seg handlinga gjennom dei nynorske songane? Kva er eventuelt utfordringa?
- 5) Det er rockestjerne og vokalist Hans-Erik Dyvik Husby som har rolla som Jesus.
 - A) Korfor trur du det var nett han som fekk rolla?
 - B) Har det noko å seie for framsyninga at Jesus blir spelt av ein rockeartist og ikkje ein skodespelar?
 - C) Kva tilfører Dyvik Husby rolla?





Politikk, individ og samfunn:

Utdrag frå læreplan i Politikk, individ og samfunn VG3: «Programfaget politikk, individ og samfunn er et allmenndannende fag som skal stimulere til engasjement og demokratisk deltakelse gjennom arbeid med verdi- og samfunnsspørsmål.»

Til førebuing:


- 1) Les artikkelen «Andrew Lloyd Webber, Tim Rice og *Jesus Christ Superstar*». Fokuser spesielt på avsnittet «Korleis musikalen blei mottatt i samtida». Her skriv Mangset at frelsaren i kristentrua samsvarer med tankestraumane på 60- og 70-talet. Med dette som bakteppe; ta for deg hippierørsla.
 - A) Kva idear og tankar spring denne rørsla ut av?
 - B) Korleis kom dette til uttrykk gjennom hippianes livsstil og moralske val?
 - C) Kva kjenneteiknar samfunnet på 60-talet?
 - D) Kva var det med dette samfunnet hippiane protesterte mot?
 - E) Korleis samsvarer dette med «frelsaren i kristentrua»?

- 2) Les om Jesus' siste dagar i Det Nye Testamentet. Ver særskilt merksam på Pontius Pilatus.
 - A) Pontius Pilatus handlar ikkje ut frå eige samvit, men si eiga redsle. Utdjup.
 - B) Har du døme frå eige liv der du handla ut frå press frå andre? Kva konsekvensar fekk det? Diskuter i klassen eller skriv eit essay.

- 3) Les vedlegg 3 («Reint ut mystisk»)
 - A) Kva verdiar og haldningar har Judas?
 - B) Les artikkelen «*Jesus Christ Superstar* – kva skjer?» Korfor kritiserar Judas Jesus' forhold til Maria Magdalena? Kva konsekvensar meiner han dette forholdet kan få?
 - C) Jesus svarer med: «Er din sti heilt rein, kast den første stein». Kva legg han i det?
 - D) Kva verdiar står Jesus for, og kva verdiar står Judas for? Kan du kjenne deg igjen i eitt av desse verdisetta? Eller kanskje begge?

- 4) Skriv ANTEN: a) ei kort forteljing der *du* er Jesus som kjem til jorda i dag. Kva opplever du og kva syn har du på dagens samfunn? ELLER: b) ei kort forteljing der du møter Jesus i dag. Gjengi samtalen og kva inntrykk du sit att med etter å ha møtt Jesus.




**Etter framsyning:**

- 1) Ser du nokre likskapar med Jesus i denne framsyninga og hippiane på 60- og 70-talet?
- 2) Bandet representerer ulike typar. Kan du nemne nokre av dei?
- 3) Kva personar følgjer Jesus? Er typane han har rundt seg annleis i denne oppsetjinga enn i den bibelske versjonen?
- 4) Pontius Pilatus blir i denne oppsetjinga spelt av ei kvinne. Påverkar det korleis du ser på karakteren? I tilfelle; på kva måte?
- 5) Korleis er samfunnet portrettert i denne framsyninga?
- 6) Synest du Jesus står for andre verdiar i denne oppsetjinga enn i bibelen?
- 7) Kva tankar gjer du deg om Judas etter å ha sett *Jesus Christ Superstar*?
 - A) Står han fram som meir eller mindre sympatisk enn bildet du hadde av han på førehand?
 - B) Kan du forstå motiva bak handlingane hans?
 - C) Skriv ned fem argument som forsvare handlungane til Judas.
 - D) Skriv ned fem argument som fordømmer handlungane til Judas.

Musikk, dans, drama:**Til førebuing:**


- 1) Sjå filmen *Jesus Christ Superstar* frå 1973.
 - A) Skriv eit kort handlingsresymé.
 - B) Regissøren av denne filmen har òg lagt inn moderne effektar, såkalla *anakronismar*. Kva er det?
 - C) Skriv ein kritikk av filmen med vekt på ANTEN 1) musikken, 2) regimessige grep ELLER 3) skodespelarprestasjonar
- 2) Høyr på albumet *Jesus Christ Superstar* frå 1970.
 - A) Beskriv stil og verkemiddel.
 - B) Kva var nyskapande ved Lloyd Webbers musikkdramatiske stil?





- 3) Musikkdramatikk som musikalsk uttrykksform har utvikla seg i mange ulike retningar sidan Monteverdis dagar.
 - A) Kva tankar gjer du deg omkring dei ulike musikkdramatiske formene i forhold til publikumsappell og status?
 - B) Kva kjenneteiknar ein musikal?
 - C) Kva kjenneteiknar ein rockeopera?
- 4) I denne oppsetjinga blir Jesus tolka av rockestjerne Hans-Erik Dyvik Husby. Det er ikkje første gong Jesus blir tolka av ein rockeartist. Leit på internett, og finn fleire rockeartistar som har tolka tittelrolla i *Jesus Christ Superstar*.
- 5) Klassen deler seg inn i eit produksjonsapparat med mellom anna regissør, scenograf, kostymedesignar, maske- og parykk, lysdesignar, musikalsk ansvarleg, marknadsansvarleg og rekvisitør. Tenk dykk at de førebur å setje opp *Jesus Christ Superstar*. Gruppene diskuterer kunstnarlege og praktiske val og løysingar.






- 6) «Hot seat».
- A) Fire elevar skal vere høvesvis Jesus, Judas, Maria Magdalena og Pontius Pilatus i år null. Etter tur set dei seg i ein stol, medan medelevar intervjuar dei. Spørsmåla skal kome fort, medan personen i stolen skal svare kjapt og impulsivt som karakteren. Ta gjerne i bruk tidsriktige kostyme.
- B) Same som A), men tida er flytta frå år null til i dag. Ta gjerne i bruk kostyme de trur karakterane ville brukt.
- 7) Improvisasjon. Ta utgangspunkt i dei same karakterane som i oppgåve 6.
- A) La karakterane møte kvarandre på landsbytorget på Jesus' tid.
- B) La karakterane møte kvarandre i byen i vår tid.
Kva situasjonar og samtalar utspelar seg?
Kva likskapar og ulikskapar oppstår?
Kva byggjer likskapane/ulikskapane på?
- C) Legg til tilfeldig forbipasserande i dei to settingane. La det falle kommentarar frå dei forbipasserande om karakterane. Korleis ser desse på karakterane? Varierer kommentarane mykje i uttryksform mellom Jesus' tid og vår tid?
- D) La Jesus frå Jesus' eiga tid møte Jesus frå vår tid. Kva skjer? Korleis ser dei på kvarandre?

Etter framsyning:

- 1) Samanlikn handlingsreferatet du skreiv til filmen med framsyninga du har sett. Finn likskapar og ulikskapar.
- 2) Skriv ein kritikk av framsyninga med vekt på ANTEN A) musikken, B) regimessige grep ELLER C) skodespelarprestasjonar
- 3) Tenk tilbake på improvisasjonsoppgåvene de gjorde til førebuing. Korleis samsvarte tolkinga dykkar av høvesvis Jesus, Judas, Maria Magdalena og Pontius Pilatus med skodespelaranes tolking i denne oppsetjinga?
- 4) Samanlikn albumet *Jesus Christ Superstar* frå 1970 med musikken i denne oppsetjinga. På kva måte har lydbildet endra karakter?
 - A) Fokuser på det rytmiske.
 - B) Fokuser på det symfoniske.
 - C) Kva for instrument pregar lydbildet?






- 5) Ta for deg rock som musikkstil.
 - A) Kva kjenneteiknar denne musikkstilen?
 - B) Korleis formidlar oppsetjinga denne musikkstilen?
 - C) Klarer du å identifisere band som har inspirert arrangementet til denne oppsetjinga?

- 6) På kva måte har musikken blitt ein del av scenebildet i denne produksjonen?





Tekstutdrag

Vedlegg 1:

Songen til Kong Herodes


Jesus så fantastisk å få sjå deg her hos meg
Du har fått eit kjempenamn, alle kjenner deg
Døve høyrer, lamme byrjar gå
Og no, forstår eg, er du Gud,
og det må eg få sjå!

Så - Viss du er Krist,
den utrulege Krist
Velg ein heilag disiplin
Gjer mitt vatn om til vin.
Eit triks, ver så snill
Berre gjer som eg vil
Jødekinge, slå til.

Jesus, det er'kje måte på
Kor stor du er hos oss
Du er årets snakkis
Ja, du er vår sanne Boss
Å, Gud, så pinleg
Om alt var berre løgn
Men sjølv den verste tvilar
kan du snu på knapt eit døgn

Så viss du er Krist,
den fantastiske Krist
Englar dalar ned i skjul,
Gå litt på min swimmingpool.
Gjer det for meg
Ja, da slepper eg deg





Jødekonge, så kul.

Eg må berre teste deg
som seier du er Gud.
Kva skil deg frå oss andre
med same hår og hud.
Mmmm...


Ja, eg ventar –
Eg er ein blodig fan
Eg er så spent på kva du kan,
min eigen Snåsamann

Så...å
Viss du er Krist
Den allmektige Krist
Mat mitt hus med fisk og brød
Eg skal berre ut og strø
Du har ikkje fått fri
Kvifor tar det slik tid.
Jødekonge, heng i.

Hei, blei du redd meg nå Krist
Du fanatiske Krist
Du er feig, du er'kje tøff,
Du er kun ein jævla bløff.
Kom før han bort!
Han får ingenting gjort!
Kom deg ut, jødehund!
Forsvinn!
Mmm Forsvinn
Din jødetulling, forsvinn
(Du, jødekonge, forsvinn)
Forsvinn, din tulling, forsvinn.

Kom deg ut av mitt liv!





Vedlegg 2

Nattverden

APOSTLANE

La oss gløyme alle våre plager,
drukne dei i mat og utsøkt vin.
La oss nå få fred, vi skal tidsnok svare.
Snart blir natta til ein morgon blank og fin.

Eg har alltid ønskt å bli apostel,
ville gjerne bli til noko stort
Så når vi går av, skriv vi evangelia
som ber våre namn når vi går bort.

JESUS

Til sist blir døden endå verre
når den kjem frå ein venn
For alt de veit, er vinen her mitt blod
For alt de veit, det brød de et er kroppen.
Til sist er det mitt blod de drikk,
og det er kroppen de et,
viss de da vil minnast meg
når de et og drikk.


Er eg blitt heilt galen, trur at eg blir hugsa?
Eg er blitt fullstendig sprø?
Slike tomme ansikt!
Meg vil de ha gløymt bort
så snart eg berre er død.
Ein av dykk fornektar
Ein av dykk blir svikar

APOSTLANE

Parlando – protestar

Ikkje eg.
Kven da?





Umuleg!

JESUS

Peter vil fornekte
om nokre få timar
Tre gonger fornekte,
og det er ikkje alt.
Ein av dykk som sit her,
ein av dei tolv valde,
går snart bort og svik meg

JUDAS

Spar oss for ditt drama
du veit jo svært godt kven

JESUS

Gå da, gå og gjer det

JUDAS

Du vil eg skal svike!

JESUS

Skynd deg, for dei ventar

JUDAS

Om du no visste kvifor

JESUS

Eg spør meg ikkje kvifor.


JUDAS

Og eg beundra deg,
men no foraktar eg.

JESUS

Din løgnar. Din Judas.





JUDAS

Du vil at eg gjer det!
Kva om eg blir att her
så heile planen raknar?
Du har fortent det!

JESUS

Skynd deg din tosk,
Skynd deg og gå!
Spar meg for talar, kva ventar du på?
Gå!

APOSTLANE


La oss gløyme alle våre plager,
drukne dei i øl og masse vin.
mat er berre tull, eg er drita full
Snart blir natta til ein morgon blank og fin.

Eg har alltid ønskt å bli apostel,
Ville gjerne bli til noko stort
For når vi går av, skriv vi evangelia
som ber våre namn når vi går bort.

JUDAS

Ein trist patetisk narr
Sjå kor du har ført oss
Dei vakre ideala døyr,
alt på grunn av deg.
Og så det tristaste av alt;
Eg må taue deg inn
som ein vanleg kriminell,
som eit dyr, ein sjuk rebell,
ein sliten kommandant,
ein sliten kommandant
Som ein sliten, sliten, liten, sliten, sliten kommandant.





JESUS

Forsvinn! Dei ventar

Forsvinn! Dei ventar

Åh, Åh, Åh, dei ventar på deg, Åh!

JUDAS

Når vi er i lag spør eg meg sjølv dagen lang

Kvifor du let alt vi hadde gli or di hand

Det kunne gått betre om du hadde ein plan.

Ahh...

APOSTLANE

La oss gløyme alle våre plager,

drukne dei i mat og masse vin.

(Øl, ditt svin!)

La oss nå få fred, vi skal tidsnok svare,

berre natta blir til morgon blank og fin.

Eg har alltid ønskt å bli apostel,

Ville gjerne bli til noko stort

For når vi går av, skriv vi evangelia

som ber våre namn når vi går bort.


JESUS

Vil ingen vake her med meg?

Peter? Johannes? Jakob?

Vil ingen vente her med meg?

Peter? Johannes? Jakob?



Vedlegg 3

Reint ut mystisk

JUDAS

Eg synst det er litt rart, ja reint ut mystisk
at ein mann som du
kan bruke tid på kvinnfolk som ho der.
Eg skjønar godt du likar hennar selskap.
Men ho kysser deg og stryk ditt hår, det er ikkje din stil.
Eg har jo ingenting mot hennar yrke
Men dette passar ikkje inn med dine strenge ord
Det hjelper lite å slå seg sjølv på kjeften
Dei ventar berre på eit høve til å gripe oss.

JESUS

Kven er du som kritiserer?
Kven er du som ser ned på?
La ho nå ver', pass deg sjølv, du
La ho nå ver', ho er med meg, nå
Er din sti heilt rein, kast den første stein
Er den ikkje det, la oss da få fred.

Eg blir skremt av slike menn, som er så grunne og så feige
Det finst ikkje ein iblant dykk, som spør seg, kva hender med meg.

ALLE


Du tar feil, nå tar du feil!
Du tar feil, nå tar du feil!
Du tar feil, nå tar du feil!
Du tar feil, nå tar du feil!

Kva tar du oss for?
Kva tar du oss for?
Kva tar du oss for?
Kva tar du oss for?

JESUS

Ikkje ein. Ikkje ein av dykk.





Tilrettelagt av

Siri Hansen, Det Norske Teatret,
Pedagogisk ansvarleg/formidling
siri.hansen@detnorsketeatret.no

Kjeldeliste

Jesus Christ Superstar, manus (Rice/Webber, omsetjing Ola E. Bø,
Det Norske Teatret, 2009)

Blom, Rune: Evita, Cats, Fantomen och de andra. En bok om den nya musikal-
kalen. Sveriges Radios Förlag, Helsingborg 1988.

Dagbladet 30. oktober 1973: «Serios og respektabel – skriver Vatikanets avis om
Jesus Christ Superstar».

Lerner, Allan Jay: The Musical Theatre – a celebration. Collins, London 1986.

www.reallyuseful.com/shows/jesus-christ-superstar/history-inspiration

Store norske leksikon, snl.no, Svend Erik Løken Larsen, 2009-05-26,
www.snl.no/Andrew_Lloyd_Webber

http://en.wikipedia.org/wiki/Jesus_Christ_Superstar

www.detnorsketeatret.no

Takk til

Margunn Vikingstad, Erik Ulfsby, Atle Halstensen

Foto

Margunn Vikingstad. Bilda er frå prøvene.

Design

Concorde Design

